

# ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1989

## Jæren museumsråd

Jæren Museumsråd hadde årsmøte 3. april i Sola kulturhus. Rådsordfører Johan Vestvik ynskte rådsmedlemmer og møtedeltakarar vel møtt. Kultursjefen i Sola, Fred Roland, helsa frå Sola kommune.

Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 23 inkludert 3 varafolk. Det møtte 16 representantar frå lag og organisasjonar, 1 representant frå bedriftene og 4 personlege medlemmer. Elles møtte fylkeskultursjef Roald Håland, fylkeskonservator Egil H. Grude, kultursjef Fred Roland, valnemnda, 1 medlem av samarbeidsgruppa 4H-Jærmuseet og personalet på museet – i alt 53 deltakarar.

Dei private medlemmene valde seg imellom 7 rådsmedlemmer for 1989:

Frå organisasjonar og bedrifter:

Sigve Bø, Randaberg bondelag

Ole Gunnar Kverneland, Kverneland A/S

Einar Lea, Underhaug A/S

Anne Karin Sør-Reime, Nærbo bondekvinnelag

Frå personlege medlemmer:

Severin Bollestad

Paul Kyllingstad

Stein Sægrov

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1988, vedtok arbeidsprogram for 1989 og kontingent og budsjett for 1990.

Møtet valde formann, nestformann, rådsordfører, vararådsordfører og styremedlem med varamedlem frå private medlemmer.

Kulturhussjef Ernst Skjønberg viste rundt i kulturhuset og orienterte om bruk og planar.

Forsamlinga fekk sjå videoen om trebotniskjereiet i Oltedal som Jærmuseet fekk laga sommaren 1988 og videoen om Krossen Havremølle.

Johan Vestvik, Randaberg har i 1989 vore Rådet sin ordfører.

Lisabet Risa, Hå, har vore Rådet sin varardfører.

Valnemnd har vore:

Sveinung Lode, Hå (gjenväl)

Egil Larsen, Randaberg (gjenväl)

Solveig B. Auestad, Sandnes (ny)

## STYRET

Styret har i 1989 hatt denne samansetjinga:

Nils Njå, Time, formann

Tobias Skretting, Hå, nestformann

Johan Vestvik, Randaberg

Roald G. Bergsaker, Sandnes

Håvard Erga, Rogaland fylkeskommune

Ragnhild Ormøy, Sola  
Torbjørn Tønnesen, Gjesdal  
Hans Voll, Klepp  
Einar Lea, vald av private medlemmer.

Varamedlemmer:

Helge Lande, Time  
Sverre Kvadsheim, Hå  
Odd Fladen, Sandnes  
Hein Seldal, Rogaland fylkeskommune  
Kari Tengedal Wold, Sola  
Ola Søyland, Gjesdal  
Egil Larsen, Randaberg  
Solfrid Guddal Søyland, Klepp  
Ole Gunnar Kverneland, private medlemmer.

Styret har i meldingsåret hatt 5 styremøte og behandla 31 saker. Dei viktigaste sakene har vore økonomi og planlegging av nytt museumsbygg.

Formannen, nestformannen og styraren har utgjort eit eige arbeidsutval.

#### **Nemnder oppnemnde av styret:**

*Redaksjonsnemd for årbok:*

Tobias Skretting, Arvid Bø, Lisabet Risa og Målfrid Snørteland.

*Samarbeidsgruppa 4H-Jærmuseet:*

Som museet sine representantar er oppnemnde: Sveinung Lode, Torbjørg Sægrov, Nils Njå, Målfrid Snørteland.

*Jury for arkitektkonkurranse:*

Som museet sine representantar oppnemnde styret Nils Njå, Tobias Skretting og Målfrid Snørteland.

#### **PERSONALET**

Jærmuseet har i 1989 hatt desse tilsette:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 fast stilling.

Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 fast stilling.

Målfrid Grimstvedt, konservator, 4/5 stilling, fast tilsett frå 20.september 1989.

Jorunn Møller, mellombels kontorhjelp 9.03. – 3.05.

Finn Lea, mellombels vedlikehald 28.04. – 24.06.

Julie Myklebust, mellombels kontorhjelp 26.06. – 19.10.

Marit Nærheim, ekstrahjelp juli.

Ole Håland, mellombels vedlikehald 11.09. – 31.12.

Anette Johnsen, mellombels kontor/arkivering 15.11. – 31.12.

Alle dei mellombels stillingane har komme i stand ved hjelp av ordninga «Arbeid for trygd» eller som praksisplassar.


#### **KVIA-GARDEN**

Museumsområdet på Kvia er framleis ikkje innløyst. Men våren 1989 lukkast det kommunen å få til ein leigeavtale med grunneigarane slik at Jærmuseet kunne ta til å disponera området.

Det viktigaste for museet var å komma i gong med oppattbygging og restaurering av bygningane.

Rekonstruksjon av driftsbygningen:

Driftsbygningen var heilt samanrasa og måtte byggast opp på ny. Rydding av tomta blei i stor grad utført av sysselsetjingspersonale. Byggmeister Trond Nærland, Nærbø, har oppdraget med gjenoppbygginga. Sidan bygningen blir gjenreist i samsvar med



*Løa på Kvia måtte restaurerast heilt frå grunnen av. Her blir ei av grindane reist på tradisjonell måte: ved hjelp av handamakt og hjelp frå gode naboar.  
Foto: Jærmuseet.*



*Løa på Kvia ferdig restaurert.  
Foto: Jærmuseet.*



*Plomma og kalven Silkrei er vestlandske raudkoller, ein tradisjonrik kurase som nå er verneverdig. Dei kom til Jærmuseet våren 1989 og er her med på «Sundagstur til fortida» i Klepp. Foto: Jærmuseet*

den opphavlege byggemåten, går arbeidet relativt seint og arbeidskostnadene blir høge. Me reknar likevel med at bygningen skal kunna fullførast ved hjelp av dei løyvingane som er gitt, og at bygningen blir ferdig våren 1990. Men elles kunne det feirast kranselag på Kvia etter gammal tradisjon sist haust.

Det må truleg skaffast ekstra midlar til gjødselhandtering og fjøsinnreiing. Elles er det utført ein del vedlikehaldsarbeid på heimehuset og reiskaps- huset ved hjelp av sysselsetjingsmidlar. Det blei og rydda ein del opp i hagen og tunet.

På storparten av det dyrka arealet blei det sådd korn.

Dårleg kornhaust og lusåtak førte diverre til nokså skral forteneeste på drifta dette året.

Elles freista 4H-klubbane i Hå å få til eit felles 4H-felt, men planleggingstida vart for kort til at resultatet dette året blei særleg vellukka.

Museet har og fått ein del løyvingar til Kvia-prosjektet i 1989 og vil takka fylgjande bidragsytarar:

Rogaland fylkeskommune	kr. 160.000,-
Rogaland Egglag	kr. 15.000,-
Jæren Potetmjølfabrikk	kr. 10.000,-
Nærbø Halmlutingslag	kr. 100.000,-
Varhaug Lutingslag	kr. 4.700,-

## ARKITEKTKONKURRANSE

Etter ein del kontakt mellom Jærmuseet og Stavanger Arkitektforening vinteren 1989, kom ein fram til at dei planleggingsmidlane museet hadde fått, ca. 200.000,- kroner, var tilstrekkelege til å avvikla ein lokal arkitektkonkurranse.

Styret i museet hadde heile tida sett ein slik konkurranse som den beste løysinga for å finna fram til eit best muleg museumsbygg på Kvia.

Styret oppnemnde Nils Njå, Tobias Skretting og Målfrid Snørteland som museet sine representantar i juryen. Stavanger Arkitektforening (SAF) oppnemnde siv. ark. Per Line, Klepp, og siv. ark. Kjell Lund, Oslo. Målfrid Snørteland blei vald til leiar av juryen. Karen Marie Undheim, Kulturkontoret i Hå, har vore konkurransefunksjonær, medan siv. ark. Arne Lindeberg, Fylkeskulturkontoret, har vore juryen sin sekretær.

Konkurransen blei utlyst i juli 1989 med innleveringsfrist 11. november. Det kom inn heile 18 forslag, noko som var svært bra. Endeleg vinnarutkast vil vera klart våren 1990.

## HUSDYR

I dei framtidige planane for Kvia-garden har eit levande gardsmiljø, med planter og husdyr, vore ein sentral tanke.

Sjølv om drifta på Kvia-garden ikkje har komme igong ennå, har me dette året alt skaffa oss ein liten buskap. Jærmuseet hadde tidlegare fått vita at Torolv Randaberg i Randaberg var ein av dei få som framleis hadde rein vestlandsk raukoll på båsen. Dette var den kurasen som var mest utbreidd på Sørvestlandet fram til i 1960-åra. Jærmuseet burde kjenna eit ansvar for å bevare ein stamme av desse dyra her i distriktet, og museet hadde gitt uttrykk for at ein med tida var interesserte i å kjøpa kalvar frå Randaberg. Diverre døydde han nokså brått sist vinter, og museet fekk melding frå Sigve Bø om at dyra alt var på veg til slaktehuset. Ved hjelp av Øksnevad jordbrukskule, styreformann Nils Njå og gardbrukar Arne Fotland i Time kunne dyra, to kyr og to kossekalkvar, plasserast i førebels pensjon. I vår blei så buskapen auka med ein kossekalkv og ein stutkalkv. Stutkalkven er overtatt av oksestasjonen på Særheim, medan kossekalkven blir påsett.

På landsbasis er det og arbeid i gong for å verna dei gamle husdyrassane våre. Og Jærmuseet fekk økonomisk støtte av det statlege genressursutvalet til innkjøp av dyra. Gjennom eit samarbeid med Øksnevad jordbrukskule og Særheim forskingsstasjon håpar Jærmuseet at me i framtida kan oppretthalda ein buskap av vestlands raukolla her på Jæren.

### **TILVEKST, SAMLINGAR, MAGASIN**

På grunn av dei vanskelege lagerforholda har museet nedprioritert innsamlingsarbeidet dette året. Me lyt diverre takka nei til mange av tilbuda om gjenstandar, eller be om ikkje gjevarane kan lagra dei ei stund til sjølve.

Det har likevel komme inn fleire verdfulle gaver til museet, og styret vil takka fylgjande gjevarar:

Karen Dale, Klepp, Jadar Trevare- og Rugemaskinsfabrikk v/Leif Berland, Sandnes, Kalkbrenneriet på Hana, Kverneland A/S, Arne Kråbøl, Gausdal, Karleif Lerang, Randaberg, Kristian Lund, Slitu, Einar Opsahl, Sola, Sola kommune, Kjell Stangeland, Klepp, Magnhild Svela, Stavanger, Stein Sægrov, Sandnes, Anfinn Sægrov, Sandnes, Torger Vølstad, Sandnes, Tor Ødemotland, Klepp, Søren M. Østrått, Sandnes, Lars Åsland, Time.

Det er tatt ein god del foto som ulike vis dokumenterer verksemda til Jærmuseet. Me kan særleg nemna grundig fotodokumentasjon av reisinga av driftsbygningen på Kvia, utoverretta aktivitetar, Krossens Havremølle og eit bustadhus i Sandnes frå 1912. Museet har også nytta video til noko av dette.

Ved hjelp av sysselsetjing har museet fått lagt inn ein stor del av biblioteket og arkivet på EDB. Museet saknar likevel kvalifisert hjelp til klassifisering av bøker og anna materiale.

Lagerkapasiteten er ikkje blitt utvida dette året, og museet må difor vera svært nøye med kva for gjenstandar som blir tatt inn. Dei tronge forholda hindrar dessutan museet i å få tilstrekkeleg oversyn over tinga og gjer det vanskeleg å få til ei skikkeleg katalogisering. Slik tinga nå er lagra blir det og vanskeleg å bruka gjenstandane i utoverretta arbeid – m.a. fordi ein ikkje får dei fram.

Dei dårlege magasinforholda fører og til problem med dei restaurerte gjenstandane. Utan forsvarlege magasintilhøve risikerer museet at mykje av dette restaureringsarbeidet blir forgjeves. Somme av dei restaurerte traktorane har museet mellombels fått

plassert i det gamle Kyllingstad-bygget i Kleppekrossen.

Elles vil styret og nytta høve til å takka Inge Haugland i Time som har stilt noko lagerplass til gratis disposisjon for museet.

## **RESTAURERINGSARBEIDET**

Vinteren 1989 blei museumshandverkaren ferdig med Moline mod. B. Denne er lik den fyrste traktoren som kom til Rogaland – til kommunegarden i Stavanger i 1917. Restaureringsprosessen er dokumentert ved foto. Elles har NRK laga eit 10-minuttars fjernsynsprogram om Sverre Skjæveland og Moline-traktoren.

Traktoren er nå utstilt i inngangshallen til Serigstad A/S.

Dette året har museet og fullført restaureringa av ein Mogul 10- 20 frå 1918. Til dette arbeidet fekk me økonomisk tilskot frå Norsk Kulturråd. Elles har handverkaren arbeidd med å restaurera ein «Centaur Garden Tractor». Denne typen blei produsert av Central Tractor Co., Greenwich, Ohio i 1920-åra. Også denne traktoren har midjestyling og minner om ei mindre utgåve av Moline.

Med tanke på demonstrasjonspløying under Pløye-VM på Klepp hausten 1989 fekk Jærmuseet restaurert ein Kvernelands slepeplog og ein Fordson mod. N. Dette arbeidet blei utført av Oddvar Høiland, Nærbø. Fordson mod. N blei produsert av Ford Motor Co. i Dagenham i England i åra 1933–38, og var den mest utbreidde traktoren i Norge i 1930-åra.

Elles vil me peika på at manglande verkstadlokale hindrar museet i å nytta f. eks. dei ulike syssetjingsordningane i restaureringsarbeidet.

Hadde me hatt skikkelege arbeidslokale kunne ein f.eks. engasjert fleire handverkarar/sysselsette til enklare restaureringsarbeid.

Også i år vil me takka Kverneland A/S og Serigstad A/S for verdfulle gratisytingar i samband med restaureringsarbeidet.

## **UTOVERRETTA VERKSEMD**

*Utstillingar og tilskipingar.*


Sidan Jærmuseet ikkje har eigne utstillingslokale, har me lagt vekt på å visa igjen under forskjellige tilskipingar rundt om i regionen. I løpet av 1989 har museet deltatt i fleire tilskipingar.

– I opptoget på Jærdagen 28. mai stilte Jærmuseet med Massey Harris-traktoren og ein Kvernelands slepeplog.

– 4. juni var det «Sundagstur til fortida» på Særheim i Klepp. Jærmuseet samarbeidde med Arkeologisk Museum om ei utstilling som skulle visa utviklinga av åkerreiskapar gjennom tidene. Her blei og den nyrestaurerte Moline-traktoren vist fram. Og ikkje minst fekk me vist fram den e' kua vår, Plomma, og den nyfødde kalven hen som i tråd med gammal namneskikk er døypt S rei. Eit svært populært innslag mellom borna.

– Moline-traktoren blei og vist fram på «Varhaugmarken» helga etter. I tillegg hadde Jærmuseet laga ei lita foto-utstilling om reiskapsutviklinga i jordbruket.

– Det mest omfattande arrangementet var Pløye-VM på Klepp i slutten av september. I eit eige telt var dei fleste av dei restaurerte traktorane våre utstilte – d.v.s. Moline mod. B, Mogul 10–20, McCormick 10–20, Deering W-14, Massey-Harris mod. 25, Fordson mod. N, Ferguson Brown, BM Volvo T-24 og ein Lauson landbruksmotor. Utstillinga var godt besøkt.




*Traktoren Mogul 10–20 blei vist fram første gang på Pløye-VM i Klepp hausten 1989. Styremedlem Hans Voll la tilrette både for Jærmuseet si utstilling og for programmet vårt: «Frå Spade til vendepløg.» Foto: Jærmuseet*

Jærmuseet stod og for eit anna populært innslag: demonstrasjonen «Frå spade til vendepløg». Her fekk ein visa både spadebruket, pløying med hest og utviklinga av traktorane og traktorpløgane frå 1930-åra og fram til dagens moderne vendepløg. To av styremedlemmene var sterkt involverte i dette arrangementet; Hans Voll hadde ansvaret for opplegget og Tobias Skretting var konferansier.

– Jærmuseet var og til stades på Haustmarken på Forus. I år var det Mogul 10–20 og Ferguson Brown-traktoren som blei vist fram.

– Elles står fleire av veterantraktorane våre utstilte i offentlege bygg og på private bedrifter – m.a. i Hanasenteret i Sandnes, Røyneberg skule i Sola, Klepp rådhus, Serigstad A/S og Underhaug A/S.





*Torger Grude pløyde med hest medan Ommund Hauge brukte det nyrestaurerte utstyr frå Jærmuseet: Kvernelands slepeplog og Fordson mod. N traktor. Foto: Jærmuseet*



### *Møter.*

Både styreformann Nils Njå, museumsstyrar Målfrid Snørteland og konservator Målfrid Grimstvedt har deltatt på ulike møte i lag og foreningar i regionen og snakka om Jærmuseet.

Målfrid Snørteland har orientert om Jærmuseet på møter i Nærbø sanitetsforening, Nærbø bondekvinnelag, Vigrestad bondekvinnelag og Klepp historie- og ættesogelag.

Målfrid Grimstvedt snakka om Jærmuseet og viste film om Krossen Havremølle i Fjellbygda bondekvinnelag, pensjonist-treff i NITO- Sandnes og Jæren, Gand vid. skole, Haga skole, Hå Hist. og Ættesogelag. Ho har hatt foredrag om bunad/folkedrakt på Bryggens Museum i Bergen, Rogaland Ungdomslag, Strand Husflidslag, Karmsund

Folkemuseum, Stavanger Bondekvinnelag; fordrag og dagstur over Jæren for Gammelbilens Venner, der den tidlegaste jærindustrien var emnet.

### *Publikasjonar.*

I 1989 gav Jærmuseet ut årbok for fyrste gong. Årboka har fått namnet «Sjå Jæren» og museet tar sikte på at dette skal vera eit årleg tiltak. Jæren har lenge sakna ein eigen lokalhistorisk publikasjon. Som regionmuseum kjende Jærmuseet eit ansvar for å få dette til og ta opp tradisjonane frå tidlegare årbøker som «Årbok for Jæren» og «Frå by og bygd i Rogaland».

Boka er på ca. 160 sider med stivbind og farge-trykk på framsida. Diverre kom boka ut i seinaste laget før jul, men nådde likevel innspurten i jule-



handelen. Vonaleg vil annonseinntekter, medlemspengar og salsinntekter dekkja utgiftene og kanskje gi eit lite overskot.

Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland har også skrive ein presentasjon av Jærmuseet i «Ætt og Heim 1989».

## ARBEIDET I KOMMUNANE

### *Sandnes:*

Ein stor del av arbeidstida dette året har gått med til oppbygginga av potteri- og teglverksmuseet i Langgata i Sandnes.

På Krossens Havremølle har ei gruppe pensjonerte ingeniørar arbeidd på dugnad med å laga oppmålingsteikningar, slik at det skal bli mogeleg å laga ein modell av mølla ved eit seinare høve.

Jærmuseet har sikra og ordna kommunen si samling av eldre flyfoto.

### *Randaberg:*

I Randaberg er sjøbruksavdelinga under oppbygging. Jærmuseet har ansvaret for tema, utveljing av gjenstandar og foto og skrivning av tekstar.

I samarbeid med Randaberg husflidslag blir gamle arbeidsklede som blei nytta av fiskarane rekonstruerte.

### *Hå:*

Jærmuseet er engasjert i samband med leiketøysutstillinga på Hå gamle prestegard våren 1991.

### *Sola:*

Jærmuseet er engasjert av kulturkontoret i samband med innsamlinga og registreringa av gamle foto i kommunen. 24. og 25. oktober var det innsamlingsaksjon i Dysjaland/Håland skolekrinsar.

### *Klepp:*

Jærmuseet har gått gjennom og systematisert SEF-RAK-materialet frå kommunen og laga ein registreringsrapport.

### *Time*

Jærmuseet er engasjert i arbeidet med å bygga opp utstillinga på Fotland kraftstasjon.

### *Andre oppdrag:*

Både museet sine konservatorar og handverkaren har elles deltatt på møte og på forskjellige måtar gitt råd til lokalmusea i regionen.

## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Budsjettet innanfor tilskotsordninga var i 1989 kr. 632.469.

Medrekna midlar og stillingar utanom tilskotsordninga låg driftsbudsjettet på ca. 1,1 mill. Det er omlag same nivå som 1988.


I tillegg kjem særlege prosjekt som t.d. Kvia, slik at «omsetninga» i 1989 var omlag 1,9 mill.

Førebels slepp museet utgifter til kontorleige, noko som sjølvstakt er ein stor lette. Museet har i dag gratis kontorplass i det gamle kommunehuset på Nærbø.

Elles lid museet under svært tronge budsjetttrammer som m.a. har gått ut over ekstra arbeidshjelp og innkjøp av inventar og utstyr.

Museet nyt m.a. godt av dei tilsette sin vilje til å bruka eige utstyr som f.eks video, fotoapparat, lysbildeframvisar o.likn. I lengda er dette uakseptabelt.

Administrasjonen lid dessutan under mangelen på fast kontorhjelp, noko som medfører at ein god



*Jærmuseet driv kulturformidling i ulike fora. Her er konservator Målfrid Grimstvedt guide for Gammelbilens venner.  
Foto: J.O. Grimstvedt*

del av styraren si arbeidstid går med til reint kontorarbeid. Dette er ei dårleg ressursutnytting.

### **MEDLEMMER**

Tidlegare har det i hovudsak vore bondelag, bondekvinnelag og bygdeungdomslag og nokre bedrif-

ter som har vore medlemmer av museet. I samband med utgjevinga av årboka er det teikna ein god del personlege medlemmer. Ved utgangen av 1989 var 60 personar, 23 lag og organisasjonar og 9 bedrifter medlemmer i Jærmuseet.

## **REPRESENTASJON, SEMINAR, TILLITSVERV**

Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland deltok på seminaret «Industrikultur på museum» i Sauda 6. og 7. februar. Her deltok og styremedlem Torbjørn Tønnesen, Gjesdal.

Begge konservatorane deltok på det årlege museumsmøtet for Rogaland i Haugesund 6. og 7. november.

Målfrid Grimstvedt deltok dessutan som førelasar og møteleiar på nordisk seminar om hovudbunader på Fagernes i august. Ho deltok på Distriktskonservatorsamling på Hallingdal Folke-museum og Fotokonferanse i Sandefjord, begge stader i september.

Målfrid Snørteland deltok på 1. delen av verds-kongressen for museer i Haag i slutten av august. Ho deltok i Museumsleiarmøtet 22. februar.

Nils Njå og Målfrid Snørteland deltok på møte mellom styreformenn og museumsstyrarar for mu-sea i Rogaland på Stavanger Museum 26. mai.

Målfrid Snørteland og Johan Vestvik represen-terte Jærmuseet på landsmøtet til NKKM i Kri-stiansand 12. -15. oktober.

Målfrid Snørteland er med i museumsplan-nemnda for fylket, styremedlem i Norsk Icom og «Rogalandsgruppa» som arbeider for å få verd-skongressen for museer til Stavanger i 1995. Ho sit og i redaksjonen av Museumshandboka.

Målfrid Grimstvedt er medlem av Bunads- og Folkedraktrådet, 1. varamedlem/redaktør i VTM (Foreninga for vitskaplege tenestemenn ved mu-sea) og sit i kulturminnevernplannemnda i Sand-nes.